

SAK 41/16 NYE FOLKEVALDE REGIONAR

Saksopplysning

Bakgrunn, føremål med regionreforma

Stortinget har vedteke at det framleis skal vera tre folkevalde nivå. I juni 2015 bad Stortinget om ei melding om nye oppgåver til større regionar. Stortinget peika på større regionar som ein føresetnad for forsterka rolle og nye oppgåver.

I [Meld. St. 22 \(2015-2016\)](#) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver», blir det foreslått at landet skal delast inn i om lag ti nye folkevade regionar. Dette blir grunngjeve med at funksjonelle områder vil kunne sjåast i samanheng, som grunnlag for samfunnsutviklinga, og at større regionar vil legge til rette for betre fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både nåverande og framtidige rollar og oppgåver. Regjeringa foreslår at større regionar skal få eit tydeligare ansvar for samfunnsutviklinga i sin region.

Staten har organisert sine regionale verksemder med mange ulike strukturar. I dag er det lite samanfall mellom fylkesinndeling og statlege etatar si regioninndeling. Staten har i hovudsak regionar som er større enn fylka. Denne organiseringa hindrar eit godt samarbeid mellom stat og fylke og innad i staten, og den hindrar ei effektiv forvaltning. Meldinga syner til at ti regionar vil styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statsetatar og folkevalde regionar.

I reformarbeidet har regjeringa føresett at samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregionar som hovedregel ikkje bør delast, og at område som næringsøkonomisk heng saman bør ligge i same region. Det blir og argumentert for sterkare handlekraftige folkevalde regionar, med regional planlegging som eit viktig verjemiddel, ut frå at ei sektorisert forvaltning skapar målkonfliktar og samordningsbehov, ikkje minst innanfor område som i sin natur er sektorovergripande.

Regionreforma kan seiast å ha desse hovudmåla:

- Regionane som funksjonelle einingar
- Betre samhandling og samordning av innsats
- Ivareta heilskapssyn og vurdere ulike tiltak og konsekvensar opp mot kvarandre
- Betre fagmiljø med kompetanse til å levere gode tenester.

Regjeringa har lagt til grunn at overføring av fleire oppgåver frå statleg til regionalt nivå berre vil skje dersom ein får større regionar. Stortingsmeldinga peikar på at større regionar vil legge grunnlag for ein gjennomgang av regionale statlege direktorat og inndelingar, slik at desse blir i samsvar med ei ny regioninndeling. Meldinga lyster også opp nokre (få) forslag til nye oppgåver.

Stortinget handsama i byrjinga av juni [Meld. St. 22 \(2015–2016\)](#) Nye folkevalgte regioner – rolle struktur og oppgaver, jf. [Innst. 377 S \(2015–2016\)](#). Stortinget støtter regjeringa sitt forslag til regionreform og forslaget om ti nye regionar.

Fleirtalet støttar regjeringa sitt forslag til kriterier for ny regionstruktur, og ber regjeringa gjera ei balansert og samla vurdering av ny regionstruktur i lys av måla med reforma og kriteria for ny struktur, etter at fylkeskommunane har fatta sine vedtak.

Samstundes ber stortingsfleirtalet om ytterlegare oppgåveoverføringer og vurderingar av dette. Stortinget ber regjeringa:

Vedtak 821

Stortinget ber regjeringen sette ned et ekspertutvalg som skal foreslå ytterligere nye oppgaver til regionene når den nye regionstrukturen er fastlagt, og senest våren 2017.

Vedtak 822

Stortinget ber regjeringen i regionreformen sørge for at administrasjonen av fylkesvegnettet (deler av sams vegadministrasjon) blir underlagt de nye folkevalgte regioner.

Vedtak 823

Stortinget ber regjeringen i forbindelse med regionreformen styrke nytt regionalt folkevalgt nivås rolle i integreringsarbeidet i forbindelse med sysselsetting og utdanning/kompetanseheving, samt som bindeledd mot kommuner, næringsliv og frivillig sektor.

Framdrift

- Vedtak om samanslåing innan 1. desember 2016
- Proposisjon om nye oppgåver og rollar våren 2017
- Proposisjon med forslag til ny regional struktur våren 2017
- Nye regioner og kommunar trer i kraft frå 1.1. 2020

Prosess Hallingdal

I sak 16/16 drøfta Regionrådet for Hallingdal sak om nye folkevalde regionar med bakgrunn i St. meld. 22 (2015–2016), «[Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver](#)», og at Buskerud fylkeskommune ynskjer råd frå kommunar/regionråd før ein gjer endeleg vedtak om kva retning Buskerud fylkeskommune bør gå.

Buskerud fylkeskommune ynskjer svar på følgjande:

1. *Har din kommune/kommuneregion generelle synspunkter på regionreformen?*
2. *Dersom det blir en regionreform; ønsker din kommune eller kommuneregion at Buskerud skal slå seg sammen med Vestfold og Telemark?*
3. *Dersom det blir en regionreform; ønsker din kommune eller kommuneregion at Buskerud skal slå seg sammen med Akershus og Østfold?*
4. *Dersom den foretrukne regioninndeling ikke blir valgt, vil det da være aktuelt å melde overgang til annen region/fylkessammenslutning?*



Regionrådet for Hallingdal drøfta vidare prosess for arbeidet og kom fram til slik tidsplan:

- Drøfting i Hallingtinget 30.5.2016
- Drøfting i regionrådsmøte 24.6.2016
- Møte med Regionstyret i Valdres 29.6.2016
- Ekstra møte i regionrådet i byrjinga av juli for handsaming av forslag til uttale

På Hallingtinget si samling 30.5.2016 vart det gjennomført ein prosess for å få synspunkt frå Hallingtinget i forhold til nye folkevalde regionar.

Utgangspunktet var:

- Generelle synspunkt på regionreforma?
- Alternative løysingar for Hallingdal - Buskerud
 - Buskerud, Vestfold og Telemark
 - Buskerud, Akershus og Østfold
 - Fjellregion
 - Buskerud
 - Andre alternativ
- Drøft fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa
- Prioritert løysing



Resultat frå gruppearbeid Hallingtinget 30.5.2015

Med bakgrunn i drøfting på Hallingtinget si samling 30.5.2016 drøfta Regionrådet for Hallingdal 24.6.2016 vidare prosess og aktuelle alternative løysingar.

- Møte med Regionstyret i Valdres 29.6.2016
- Ekstra møte i regionrådet i byrjinga av juli for handsaming av forslag til uttale

Alternative løysingar for Hallingdal:

- Buskerud, Vestfold og Telemark
- Buskerud, Akershus og Østfold
- Fjellregion
- Buskerud
- Andre alternativ

Det vart gjort vedtak om at dagleg leiar utarbeidar sak med vurdering av ulike alternativ.

Regionstyre i Valdres og Regionrådet for Hallingdal møttes på Storefjell den 29. juni, for å drøfte felles mogelegeheter i samband med den nye regionreforma. Politikarane drøfta ulike regioninndelingar, utan at det vart konkludert. Valdres og Hallingdal har mange like mogelegeheter og utfordringar. Politikarane var samstemte om å gje felles innspel inn mot ei ny regionreform. Valdres og Hallingdal har klare føresetnadar for å vera sterke regionar i framtida, om det blir lagt til rette for ein differensiert regionalpolitikk. Verken Valdres eller Hallingdal har byar som er naturlege motorar for vekst i regionane, og må bygge vidare på eigne fortrinn. Regionstyre i Valdres og Regionrådet for Hallingdal var einige om å samarbeide for å påverke sentrale styresmakter i val av framtidige løysingar for regionane.

Vurdering

Innleiing

Fylkesinndelinga har ligge fast sidan midten av 1800-tallet. Mykje har endra seg radikalt innan kommunikasjon og infrastruktur, næringsliv og busetting. Dagens fylkesstruktur som hadde andre utgangspunkt enn det som gjeldande i dag er moden for endringar. Ikkje fordi ordninga er fleire hundre år, men fordi føresetnadane er vesentleg endra.

Hallingdal blir nok ei svært liten brikke i regionreforma, men dei val som blir gjort vil kunne få store konsekvensar. Og det kan nok vera ein viss avstand mellom Hallingdal sine ynskje og det som er realistisk. Utgangspunkt er vurderingar av ulike meir eller mindre realistiske alternativ, og eit forsøk på å vurdere kva som gagnar Hallingdal best.

Innleiingsvis vil dagleg leiar peike på at noko av grunnlaget for større regionar er nye oppgåver til dei nye regionane. Her er det eit hav mellom forventningar og det som førebels ligg i «potten». For at regionreforma skal ha nokon stor hensikt i forhold til større og meir slagkraftige regionar, er det avgjerande at regionane får oppgåver og verkemiddel for å styre samfunnsutviklinga i ynskja retning.

Moment ved vurdering av framtidige regionar

Det ser ut til at det er stor vilje til at det i framtida skal vera om lag 10 regionar. Nokre av dei viktige momenta i vurdering av dei framtidige regionane vil vera:


- Mest mogleg heilskaplege regionar
- Klare å ta omsyn til ulikskapen som uansett vil bli i dei nye regionane, som også er der i dag men som kan bli forsterka, t.d. distrikt – by.
- Ein offensiv samfunnsutviklar i forhold til m.a. næringsutvikling, arbeidsplassar, transportløysingar, kultur, miljø/klima og landbruk.
- Få overført ei rekke oppgåver frå statleg til regionalt nivå for å kunne ha rollen som samfunnsutviklar
- Stordriftsfordelar
- Store regionar kan gje auka byråkrati, organisering med mange lokasjonar og behov for omfattande forankringsprosessar
- Gjera avstandsulemper minst mogeleg, dette gjeld både i forhold til fysiske avstandar og avstand mellom regionalt og lokalt nivå.

- Hallingdal ei mindre stemme i ein stor region
- Identitet, kultur


Alternativ

Det er sett på følgjande regioninndelingar:


Alternativ 0



Alternativ 1, 2, 3




Alternativ 4



Fjellregionen (illustrasjon)

Fjellkommunar i Sør-Norge er definert som kommunar med minst 50 % av sitt areal definert som fjellområde. Fjellområde er definert som alt areal som er minst 700 meter over havet (moh.) og 600 moh. i Nord-Trøndelag (Østlandsforskning rapport 08/2010 Fjellområder og fjellkommuner i Sør-Norge, definisjon, avgrensning og karakterisering)

Alternativ 5



Hallingdal, Valdres og aktuelle tilgrensande regionar (illustrasjon)

Alt.	Omfattar	Folketal	Areal km²
0	Buskerud	278.000	14.910
1	Buskerud, Vestfold, Telemark	695.000	32.431
2	Buskerud, Akershus, Østfold	1.162.000	24.009
3	Buskerud, Akershus, Østfold, Vestfold	1.497.000	26.234
4	Fjellregion	100-120.000	40-60.000
5	Hallingdal, Valdres og naturleg tilgrensande regionar	100-200.000	?

Når det gjeld folketal i forhold til ein fjellregionen vil det sjølv sagt vera i forhold til kor stort område som blir teke med. For å illustrere så hadde kommunane som er definert som fjellkommunar (77 stk) eit folketal på 270.000 i 1990 og 254.000 i 2010.

Det kunne vore gjort omfattande vurderinga med statistikkgrunnlag for dei ulike alternativa, men her er det prøvd med ei noko overordna tilnærming. Aktuelle problemstillingar er vekta i forhold til alternativa, med Hallingdal som utgangspunkt (betydning for Hallingdal). Dette er sjølv sagt noko subjektive vurderinga, men bør vera relevant som eit utgangspunkt for vidare drøfting.

Tema	Alt. 0	Alt.1	Alt. 2	Alt. 3	Alt. 4	Alt. 5
	Buskerud	BTV	BAØ	BAØV	Fjellregion	
Heilskapleg region, klare å ta omsyn distrikt – by						
Offensiv og sterkt samfunnsutviklar						
Fleire oppgåver til regionalt nivå						
Samlokalisering/sentralisering for å hente ut stordriftsfordeler						
Stordriftsfordeler						
Stordriftsulemper/auka byråkrati						
Samanfallande interesser						
Svak demokratisk representasjon						
Innflytelse i regionen						
Påverknad sentralt						
Stå sterkare i konkurransen med andre regionar						
Næringsutvikling						
Distriktsatsing, reiseliv, landbruk						
Avstandar						
Samferdsel						
Identitet, hyttehallingen, turisten						
Kultur						
Kompetanse						
Behov for særskilte rammevilkår						
Økonomi	?	?	?	?	?	?

- Minst utfordrande og/eller lite/middels potensiale 
- Minst utfordrande, stort potensiale 
- Mest utfordrande, og/eller lite/middels potensiale 
- Mest utfordrande, stort potensiale 
- Negativt 

Dei ulike tema vil ha ulik vekt og det vil vera ulike oppfatningar i forhold til kva som er det viktigaste å legge vekt på, men forhåpentlegvis som ei hjelp.

Avgolutning

Dagleg leiar skal ikkje koma med nokon tilråding, men vil og peika på moment som er vurdert som viktig i det vidare arbeidet:

1. Å oppretthalde Buskerud som eigen region (alt.0) blir vurdert som svært lite realistisk.
Fyrst og fremst ut frå Stortinget og regjeringa sine klare ambisjonar. I tillegg er Buskerud fylkeskommune også svært tydleg på at det må til endringar.
2. Alt 1, 2 og 3 er alle store regionar, der Hallingdal blir i ein ytterkant. Spørsmålet vil m.a. vera kva slags ytterkant? I desse løysingane er det fleire interessante tilnærmingar:
 - Ein region som omfattar 3 – 4 fylke vil omfatte eit stort geografisk område med store avstandar, forskjellar, utfordringar og mogelegheiter.
Buskerud, Akershus, Østfold og Vestfold er attraktive regionar som appellera til tilflytting, arbeidskrafta er høgare utdanna enn elles i landet, og fylka har opplevd sysselsettingsvekst. Store deler av Austlandet er vevd saman til ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, der mykje rettar seg inn mot Oslo. Funksjonaliteten i austlandsområde sitt transportsystem er i dag fyrst og fremst knytt til korridorane inn og ut frå Oslo, og til ein viss grad inn mot/ut frå dei regionale byane
 - Hallingdal vil i utgangspunktet ikkje ha nokon sterk stemme, om det er 0,7 mill. eller 1,5 mill. innbyggjarar i den nye regionen. Styrken til Hallingdal vil fyrst og fremst vera i forhold til fellesskapet, som vil ligge i reiselivsregionen/rekreasjonsområde Hallingdal, felles kommunikasjonsårer og hovudferdselsårene aust – vest. I tillegg er Hallingdal ein av få distriktsregionar med ein viss vekst. Felles kultur og distriktsutfordringar med to til tre andre fjellregionar er ikkje vurdert som ei styrke, i alle fall ikkje noko som kan tillegast stor vekt.
 - Buskerud har pr. i dag områder (m.a. heile Hallingdal) som ligger innanfor virkeområdet til 551.60 midlar, distriktspolitisk virkeområde. Det har ikkje Østfold, Vestfold og Akershus. Det vil vera politisk meir krevjande å etablere felles forståing og prioriteringar. Det regionale partnarskapet vil bli omfattande og det vil bli meir krevjande å involvere i utforming og prioritering av utviklingsoppgåver. Samstundes vil Hallingdal kunne få mogelegheiter, som den noko spesielle – fjellregionen.
Fjellregionar representera mogelegheita og fyller ei rekke økologiske, økonomiske, sosiale, kulturelle og landbruksmessige funksjonar i tillegg til rekreasjon.
God lokalkunnskap og kommunikasjon i forhold til både politisk og administrativt nivå er avgjerande.
 - Hallingdal (og Numedal) som den einast fjellregionen. Det kan både vera ei styrke og ei ulempe. På same måte som Hallingdal som ein av fleire fjellregionar kan vera ei styrke, men og ei ulempe.
 - Hallingdal som einaste eller ein av fleire sterke reiselivsområde i fjellet, kan verke både positivt og negativt.
 - Gode vegar og jernbane er utan tvil viktige føresetnadnar for Hallingdal også i framtida. Her kan det stillast eit noko retorisk spørsmål, kven er mest på lag med Hallingdal?
Etter dagleg leiar sitt syn skil her alt.1 seg ut som det klart därlegaste alternativet. Som eit lite apropos, sjå [her](#). Tidlegare forsøk (BTV) var heller ikkje spesielt vellykka sett med Hallingdal sine auge, også her var samferdsel ei utfordring.

- Som reiselivsregion har Hallingdal mange av sine hyttehallingar og besökande frå sentralt austlandsområde, som heilt klart er ei positiv tilnærming.
 - Alt 2 og 3 er mest utfordrande, men kanskje mogelegheiter også er størst? Alle alternativa krev ei offensiv, utviklingsorientert og løysningsorientert haldning frå Hallingdal. Og kanskje meir avgjerande enn nokon gong vil det vera at Hallingdal står samla.
3. Alt. 4 med ein eigen fjellregion vil bryte med intensjonane til regionreforma. For at denne type region skal «overleva» må det leggjast andre føresetnadjar og verkemiddel til grunn enn det som er føresetnadane for dei nye regionane. Felles næringsstrukturar kan vera ei styrke. Ein eigen fjellregion kan vera ein spennande tanke, men å tru at 5-8 «halvpasse» reionar skal bli ein sterk region, er nok meir ei idealistisk tilnærming.
 4. Alt. 5 er kanskje den mest konstruerte regionen. Ut frå pågåande prosessar er det vurdert som vanskeleg å få med tunge nok aktørar, til at dette skal vera eit reelt alternativ.

Forslag til uttale

1. Uansett løysing vil distrikta bli i ein ytterkant i ein ny stor region, der avstandane i mange samanhengar blir større. Det må takast omsyn til dei store forskjellar som vil kunne bli i ein ny region, der distrikta fort kan bli ein parentes. Distrikta/fjellregionar representera store ressursar som utan tvil vil kunne bli styrka i ein ny region. For å få ein god start er det heilt avgjerande at kunnskap og moglegheiter som fjellregionane har, blir lyfta fram i dei komande prosessar.
2. Ut frå ei samla vurdering ser Regionrådet for Hallingdal det som mest

Ål 14.7.2016

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar